

## Årsplan 2007

### Innleiing

Det overordna målet for Norsk Ordbok 2014 er som vanleg uttrykt i punkt 2 nedanfor. Det gjeld å halde oppe tilstrekkeleg manusproduksjon for å greie å halde framdriftsplanen som er sett for prosjektet. Som vanleg inneber det at ein stor redaksjon både som individ og kollektiv tek ansvar for å nå ei heil rekkje med mindre delmål. Hovudmålet er formulert slik: Vi bør ha redigert 550 sider av band 7 i 2007 slik at produksjonen av band 7 kan vere fullførd til 1. mai 2008.

Det andre hovudmålet vårt i 2007 er å halde fram med å forbetre vilkåra for effektiv redigering for slik å spare tid, men òg for å heve kvaliteten på redigeringa. Difor vil vi halde fram med å forbetre applikasjonen, digitalisere kjelder, revidere rutinar og drive intern opplæring. Alle desse momenta er bidrag til å effektivisere og kvalitetssikre arbeidet med Norsk Ordbok. Det er altså eit viktig mål for oss å utnytte dei ressursane vi har mest mogleg effektivt.

Det tredje hovudmålet i 2007 er å få band 1 og 2 inn i databasen på same måte som delar av band 5 og heile band 6 no er innlagde, jf. punkt C i årsplanen. Dette målet er underordna dei to andre hovedpunktene. Dette var eit mål også i 2006, men arbeidet viste seg å vere mykje meir arbeidskrevjande enn vi først hadde tenkt, og vi trong dei redaksjonelle ressursane som dette arbeidet krev, til nyredigering. I 2007 bør vi bli ferdige med band 1 og 2 tidleg på året, slik at lanseringa av band 6 også kan brukast til marknadsføring av heile verket til nye kundar (jf. punkt E i årsplanen).

### A. Rammevilkår

#### 1. Organisering og finansiering

Mål 2007	
a) Å halde oppe strukturen med éi leiargruppe og fleire redaksjonsgrupper.	

Leiarane i redaksjonsgruppene bør vere representerte i leiargruppa.	
b) Manuskontroll skal framleis skje ved gruppeleiariene, ved kryssjekkgruppa, ved sitatkontrollen og ved hovudredaktør.	
c) Når Laurits Killingbergtrø går av med pensjon i april, må vi få inn ein ny assisterande hovudredaktør som skal avhjelpe Lars S. Vikør med manuslesing	
d) Vi vil framleis vere med på å arbeide for at samlingsverksemda blir konsolidert innanfor rammene av instituttet, men samstundes syte for at prosjektet beheld sitt eige budsjett og administrative handlingsrom.	
e) Vi vil søkje midlar av statsbudsjettet til fristen 31. mars.	

## 2. Lokalisering

Mål 2007	
a) Vi vil ferdigstille seks nye arbeidsplassar i 3. høgda i GA 25 og innreie eit lite møte- og leserom.	
b) Om vi får utvida stillingsramma i 2007, vil vi ta kontakt med NTNU for eventuelt å få leige ein kontorpllass til.	

## 3. Personale

Mål 2007	
a) Vi vil gjere ferdig opplæringa av den redaksjonsassistenten som no kjem tilbake etter svangerskapspermisjon.	
b) Vi vil fremje denne assistenten for opprykk til redaktør når opplæringa er fullførd i juni.	
c) Om budsjetttsituasjonen tillet det, vil vi tilsetje minimum éin redaktør til hausten 2007.	
d) Om budsjettet tillåt det, vil vi engasjere sommarhjelp for ocr-skanning og tagging av tekst.	
e) I mars vil vi skipe til eit avtakkingsarrangement for Laurits Killingbergtrø som går av for aldersgrensa. Vi vil også feire to tilsette som fyller 60 år i 2007.	

## B. Manusproduksjon

### 4. Band 7

Mål 2007	
a) Vi tek sikte på å nyredigere 550 sider av band 7 i 2007. Det gjev eit snitt på 23 sider pr. redaktørårsverk. Vi tek sikte på å ferdigstille band 7 til 1. mai 2008.	
b) Vi bør difor ha nyredigert 275 sider til 1. juli. Det gjev eit snitt på 46 sider pr månad for redaksjonen under eitt i vårsemesteret.	
c) Kvalitetkontrollen bør i størst mogleg grad skje fortløpande.	
d) På juniseminaret vil vi revurdere årsmålet og eventuelt justere det om røynslene frå vårsemesteret gjev grunnlag for det.	

### 5. Band 1 til 5

Mål 2007	
a) Band 2 må gjerast ferdig frå redaksjonens side for innlegging i basen. Dette bør helst vere på plass til 2. februar.	
b) Band 1 og 2 må gjerast ferdige frå EDD si side. Band 2 må vere klart til 1. mars. Band 1 hastar det litt mindre med, men bør likevel vere ferdig til 15. mars.	
c) Det må lesast ein kontroll på band 2 i perioden 1. mars til 12. mars.	
d) Fotosats på band 2 bør sendast over til forlaget 12. mars.	
e) Det bør lesast ein kontroll på band 1 i perioden 15. mars – 30. mars.	
f) Fotosats til band 1 bør sendast over til forlaget 30. mars.	
g) Arbeidet med h (første halvdel av band 5 og slutten av band 4) bør vere ferdig til 31. desember, medan arbeidet med band 3 og 4 kan skuvast til 2008.	

## C. Utvikling av verktøy

### 6. Redigeringsapplikasjonen

Mål 2007	
a) Få inn hurtigtast for lagring – ctrl-S	
b) Få inn spesifiseringsmalar for dei ulike litterære kjeldene.	
c) Få inn eit felt for litteraturkode etter heimfesting i hakeparentes i søkjeskjemaet.	
d) Få moglegheit for å høgreklikke på bibliografikode for å få fram utfyllande	

informasjon.	
e) Få moglegheit for å gjere fritekstsøk i heile manuskriptet eller i hakeparentes eller tydingsbolk for seg.	
f) Klipp- og lim-funksjon for å flytte heimfestingar i målføredelen av hakeparentesen.	
g) Status ”oppretting”. Få sjanse til å sortere dei ulike typane av artiklar til oppretting ved hjelp av logg-systemet.	
h) Freiste å få redusert uforklarlege applikasjonskrasj til eit minimum.	

## 7. Elektronisk utgåve av ordboka

Mål 2007	
a) Å greie ut prinsippa for ei avtale om rettane til den elektroniske utgåva av ordboka med forlaget.	
b) Å setje ned ei arbeidsgruppe som skal freiste å kome fram til eit brukarvennleg konsept for e-NO.	

## 8. Setelarkivet

Mål 2007	
a) Å revidere sjølve arkitekturen til setelarkivet, lage nye ”utgåve” av databasen.	
b) Å revidere innskrivingsformat for registrering av ny setel for å gjere denne jobben enklare.	
c) Å harmonisere litteraturmenyen i SA med NO-signaturane.	
d) Å leggje restriksjonar på ordklassefeltet i SA utan at det får tilbakeverkande kraft.	
e) Å arbeide for at det blir ei direkte kopling mellom ordbokshotellet og SA slik at ein kan gjere felles søk.	
f) Å lage enklare registreringsmåte for små ordsamlingar, dvs. eit innskrivingsformat med automatisk førehandsfyll.	
g) Låsing av setlar – revurdere om dette er naudsynt.	
h) Lage ein måte å halde dei setlane som har ”uregistrerte kjelde” saman på med tanke på opprydding. Det same gjeld for setlar utan oppslagsord, dvs. ”8000-setlane”.	

## 9. Målføresynopsisen

Mål 2007	
Å utarbeide ein meir brukarvennleg inngang	

til den digitaliserte synopsisen.	
-----------------------------------	--

## 10. Redigeringshandboka

Mål 2007	
a) Tidleg på året og innan 1. mars integrere revisjonsarbeid som har blitt liggjande og som bl.a. gjeld målføre og etymologi, jf. presentasjonane på seminar 30. januar 2007.	
b) Revisjon av underoppslagskapitlet	
c) Etablere dømesamling med mønsterartiklar	
d) Kontinuerleg utbygging og innarbeiding av vedtak gjennom heile året	

## D. Utviding og forbetring av tilfang

### 11. Nynorsk tekstkorpus

Mål 2007	
a) Om budsjettet tillèt det, få ocr-skanna resten av T. Vesaas sitt forfattarskap etter å ha fått avtale på plass med Gyldendal.	
b) Tagge resten av T. Vesaas sin forfattarskap, og om budsjettet tillèt det, to band av Arne Bergs <i>Norske tømmerhus frå mellomalderen</i> og resten av <i>Fedraheimen</i> .	
c) Få på plass fleire avtaler om elektronisk tekst til korpus, i første omgang med Jon Fosse, Ottar Grepstad og Helge Sandøy.	
d) Få på plass statistikkverktøy i korpuset.	
e) Få på plass ein randomiseringsfunksjon i korpuset.	
f) Gjere meir autotagging av avistekst.	
g) Arbeide med digitalisering av <i>Norsk allkunnebok</i> , i år i første omgang band 7–10.	

## 12. Metaordboka

Mål 2007	
a) Normere MO til og med e i 2007.	
b) Normere opp 5 nykerala ordsamlingar før 1. mars.	
c) Hekte på ny versjon av g-manus i juni 2007.	
d) Hekte på Hatlebrekke- og Solliasamlingane før 1. juli.	
e) Hekte på 10 prioriterte ordsamlingar i ordbokshotellet.	
f) Hekte på 31 tagga ordsamlingar i ordbokshotellet.	

### **13. Blyanttilskrifter**

<b>Mål 2007</b>	
a) Føre inn alle blyanttilskriftene i g-manus til 1. juni.	

### **14. Nytt tilfang**

<b>Mål 2007</b>	
a) Vi tek sikte på å registrere 15 000 nye setlar i 2007.	
b) Vi vil føre på oppslagsord i Solliasamlinga før 15. juni.	
c) Vere med på å leggje til rette for at samlinga etter Anders Skogen blir digitalisert.	
d) Vere med på å leggje til rette for at samlinga etter Einar Haugen blir digitalisert.	
e) Om ILN løyver pengar til å opprette ein registrant over lydbandfiler, vil vi tilsetje ein assistent i to månader for å gjere denne jobben.	
f) Planlegge arbeidet med å tilretteleggje det digitaliserte kartmaterialet frå Målførarkivet for bruk i redaksjonen.	

## **E. Formidling, informasjon og kompetanseheving**

### **15. Formidling og informasjon**

<b>Mål 2007</b>	
a) Vi vil lansere band 6 på eit arrangement i mars.	
b) I samband med arrangementet vil vi arbeide for å få best mogleg pressedekning.	
c) Følgje opp forlaget som vil lage ny brosjyre og nye marknadsføringstiltak for Norsk Ordbok.	
d) Prosjektet bør vere representert med føredrag på den nordiske leksikografikonferansen i Akureyri i mai.	
e) Prosjektet bør vere representert med føredrag på Møte om norsk språk i Stavanger i november.	
f) Vi vil halde fram med å leve Dagens ord til Nynorsk kultursentrums og til vår eiga heimeside.	
g) Vi bør gjere ein grundig gjennomgang av nettstaden vår med tanke på oppdatering.	
i) Generelt bør vi seie ja til å vere representerte i fora som vi trur kan gagne prosjektet og som ikkje går på tvers av framdrifta, jf. Vesaas-seminar, Uppdal-	

seminar, nynorsk forskarnettverk, Nynorsk forum og forskingsgruppe i leksikografi ved ILN.	
j) Vi bør planleggje arbeidet med å utarbeide ein separat bibliografisk kodenøkkel som skal følgje verket.	
k) Ta kontakt med DKNVS for å kome i ein dialog om å skipe til eit Norsk Ordbok-seminar i Trondheim i 2008.	

## 16. Kompetanseheving

Mål 2007	
a) Den siste redaksjonsassistenten bør få fullført si opplæring før 1. juni.	
b) Vi vil arrangere eit eige effektiviserings- og planleggingsseminar 30. januar der fagleg påfyll blir eitt programpunkt.	
c) Vi vil arrangere sommar- og juleseminar i juni og desember der vi vil trekke inn eksterne førelesarar.	
d) Om det blir arrangert eit nytt Lexicom-kurs, bør vi vere representerte på dette kurset.	
e) Dei som har behov for det bør gå på powerpoint-kurs i 2007.	
f) Vi bør sende nokre tilsette på kurs i Excel.	
g) Vi bør arbeide for å få nokon til å lage eit eller fleire individuelle forskingsprosjekt med tilknyting til den digitale basen vår.	